



Aud med Nåso i 5 utgåver

At Uskedalen sitt stolte svar på Fujiyama - Ulvanåso - inspirerar kunstnarar er ikkje det minste merkjeleg, men det er berre ein kunstnar som har permanent panoramautsikt mot fjellet. Det er Aud Sørheim Myklebust som dagleg lar seg inspirera av Nåso frå atelieret sitt i Myro. Resultatet er minst 10 måla tolkningar av den mest majestetiske og høgaste toppen i bygda.



Eitt av dei mest fascinerande Nâso-måleria

Aud er 76, men ho er framleis svært aktiv med penselen. Ho og mannen Arne Myklebust (no 84) har hatt feriestaden sin i Myro sidan 1977 og for 5 år sidan fekk ho bygd eitt atelier der. Det er eit sjarmerande, lite hus ovanfor hovudhuset.

Akkurat no kan ho stilla opp med ein imponerende samling utelukkande av Nâso-motiv.. Første gongen ho måla Nâso var det for ein gardbrukar lenger nord på samme sida av elva som også hadde panoramautsikt mot fjellet.

Andre gongen - også det for over 10 år sidan - var for helselaget som gav måleriet til Rosendalstunet. Deretter har det gått slag i slag. Seinast for nokre få dagar sidan selde Aud eit Nâso-måleri til ein begeistra uskedeling, men ho har mange att!

Nokre av dei har vorte til på ein litt spesiell måte, for Aud har måla på fotograferte måleri. Det gjev ein spesiell og spennande effekt. Men ho held seg til det naturalistiske sjølv om ho ikkje utelukkar at fjellet også har inspirert henne til meir modernistiske uttrykk.

Aud har også lete seg inspirera av ein dyktig klatrar som er nevøen hennar og som boltrar seg i dei mest krevjande rutene. Ho har ellers set mange vakre spor etter seg i Kvinnherad, ikkje minst i form av vevnadar. Du har kanskje sett 'Såmanns-søndagen' i bedehuset i Rosendal?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen